

Sakshandsamar:

Inge Horstad
E-post: Inge.Horstad@sfj.no
Tlf.: 41530618

Vår ref.

Sak nr.: 16/9296-22
Gje alltid opp vår ref. ved kontakt

Internt l.nr.

42219/17

Dykkar ref.**Møtereferat****Referent:** Øystein Hunvik**Dato**
LEIKANGER, 08.11.2017

Deltakarar:

Noralv Distad
Ståle Brandshaug
Karina Nerhaug
Harald Offerdal
Karin Tonning Hatløy
Hallvard Oppedal
Ivar Kvalen
Jarle Aarvoll
Einar Gjesteland
Endre Høgalmen
Dina Lefdal
Øystein Hunvik

Referat frå dialogmøte om Sognebåten**Innleiing:**

Møteleiar Noralv Distad og Øystein Hunvik orienterte kort om bakgrunnen for møtet som er fylkestinget sitt vedtak:

Fylkestinget er positiv til intensjonane med ei betre samankopling av Flåm og nordsida av Sognefjorden heile året.

Fylkestinget ber leiar av samferdsleutvalet og administrasjonen gjennomføre drøftingar med Sogn Regionråd, kommunane i Ytre Sogn, Norled og reisemålsselskapa Visit Fjordkysten og Visit Sognefjord om moglege løysingar for ei slik samankopling.

Fylkestinget ber om ei klargjering av kostnad og konsekvensar for dei reisande. Det skal og undersøkast høvet til å innføre differensiert prising for dei reisande

Takstharmonisering:

Øystein Hunvik orienterte om konsekvens av vedtak om takstharmonisering mellom Sognebåten og Nordfjordbåten der det å reise same distanse skal koste det same.

Vedtak i HS:

HS ber om at utsegla strekning vert grunnlag for berekning av billettprisane mellom «Sognebåten» og «Nordfjordbåten» innan 2 år. Utvalet ber også om at effektane av ulik pris sommar og vinter vert utgreidd»

Vedtaket fører til at takstane mellom Sogn og Bergen vert auka med 2 – 26 % i løpet av 2 år. Minst auke vert det på strekninga Flåm/Aurland – Bergen med 2 – 3 %, medan det for Sogndal, Leikanger, Balestrand og Vik vert ein auke på 11 – 19 %. For dei som reiser frå Nordeide og Lavik vert det ein takstauke på om lag 25 %.

I Nordfjord vil vedtaket medføre ein takstreduksjon på 5 – 17 %.

Forventa tap av inntekter er 2 mill.kr. pr. år. Dette er ein kostnad Sogn og Fjordane fylkeskommune må dekke.

Sogn regionråd/kommunane uttrykte sterk misnøye med vedtaket og meinte at det er konkurransevridande til fordel for andre transportmiddel som buss og privatbil.

Sogn regionråd ber om å få møte fylkesordføraren.

Utviding sesong Bergen – Flåm – Bergen:

Fylkestinget har gjort følgjande vedtak:

Det vert gitt høve til å utvide sesongen på ekspressbåten Bergen – Flåm – Bergen med inntil 1 månad i kvar retning. Føresetnaden for ei slik utviding er at reiselivsnæringa og operatør tek ansvaret og den økonomiske risikoen

Norled sa at dei vurderer å utvide sesongen med 2 veker i april og 2 veker i oktober frå april 2018.

Møteleiar tolka dette til at det var bestemt at det kjem utviding frå april 2018.

Sogn regionråd støttar utvidinga og er klar med marknadskampanjar så snart det er endeleg bestemt at det vert sesongutviding.

Samankopling Flåm og Nordsida av Sognefjorden:

Administrasjonen orienterte om vedtaket som vart gjort i Fylkestinget

Fylkestinget er positiv til intensjonane med ei betre samankopling av Flåm og nordsida av Sognefjorden heile året.

Fylkestinget ber leiar av samferdsleutvalet og administrasjonen gjennomføre drøftingar med Sogn Regionråd, kommunane i Ytre Sogn, Norled og reisemålsselskapa Visit Fjordkysten og Visit Sognefjord om moglege løysingar for ei slik samankopling.

Fylkestinget ber om ei klargjering av kostnad og konsekvensar for dei reisande. Det skal og undersøkast høvet til å innføre differensiert prising for dei reisande

Ekspressbåtane er svært viktige for kommunen i ytre Sogn (Gulen, Solund og Hyllestad). Desse kommunane har ikkje noko imot at det vert gjort endringar i indre. Kommunane er tydelege på at endringar i indre ikkje må gå ut over det vesle som er av kollektivtilbod på buss og båt i deira kommunar. Avgangstid frå Bergen må ikkje endrast fordi den er tilpassa korrespondansar med det øvrige kollektivtilbodet i området.

I fylgje Ståle Brandshaug i Visit Sognefjord er reiselivet einaste redninga for Sognebåten. Det er nedgang i tal passasjerar på vinteren, medan det er ein vekst i turistsesongen. Brandshaug viste til at det har vore stor vekst dei siste åra og at dei ventar kraftig vekst også framover.

Turistnæringa er avhengig av gode kollektivtilbod.

Administrasjonen, Sogn regionråd/Visit Sognefjord og Norled presenterte sine tal på kostnader, vurdering av risiko for bortfall av inntekter ved flytting frå Sogndal og nye inntekter ved flytting til Flåm.

Dei økonomiske utfordringane vart på slutten av møtet oppsummert slik:

Kostnadsauke:

– Kostnader båt (inkl. overnatting)	4,5 mill.kr.
– Ekstrakostnader buss avhengig av tilbod	0,8 mill.kr
– Nedlegging av Flåmekspres innsparing	0,8 mill.kr
Netto kostnadsauke	4,5 mill. kr.

Inntekter

– Norled tar risiko på bortfall av inntekter Sogndal	1,2 mill.kr
– Norled tar risiko på nye inntekter	0,7 mill. kr
Netto inntektsreduksjon	0,5 mill. kr.

Netto økonomisk utfordring pr. år 5,0 mill. kr.

Det er frykt for at overnattingskostnadane blir svært mykje høgre i Flåm enn Sogndal – i reknestykket ovanfor ligg ein forventa auke på overnatting på om lag 1,8 mill. kr. pr. år. Dette er ein kostnad som det kanskje er mulig å redusere gjennom drøftingar med eventuelle utleigarar.

Flytting av endestogget frå Sogndal til Flåm heile året er første prioritet for Sogn regionråd og Visit Sognefjord. Om ikkje endestogget for Sognebåten vert endra kan alternativ løysing vera å oppretta ei sambinding mellom Flåm og nordsida av Sognefjorden.»

Som oppsummering av møtet uttrykte fleire av deltakarane kor viktig Sognebåten er for utviklinga i området. Takstharmoniseringa vert oppfatta som ein kalddusj for Sognebåten og manglande politisk vilje til å satse på dette kollektivtilbodet.

Manglande infrastruktur er til hinder for vidare utvikling av reiselivet. Sognebåten er avgjerande for reiselivsutviklinga i Sogn og utan flytting av endestopp til Flåm eller kopling mellom Flåm og nordsida av Sognefjorden fryktar Sogn regionråd at Sognebåten vil forsvinne.

Dersom det er innspel/merknader til saka skal desse sendast til fylkeskommunen innan 20. oktober.

Det er ønskjeleg at innspel som vart presentert i møtet også vert meldt skriftleg innan fristen ovanfor.

Samferdsleavdelinga skal lage sak som skal handsamast i HS 21. november/FU 22. november/FT 5. desember.